

---

# Notat

---

Til:

Frå: Øystein Svalheim

## Brunsniglar Kva er problemet? Tiltak rundt rundt Bjørnafjorden

Landbruk/Teknisk utval i Tysnes kommune har bede landbrukssjefen om å informere om bruksniglar på Tysnes

Bakgrunn:

Fleire innbyggjarar har klaga over problem med brunsniglar. Brunsniglar et m.a. pryddplanter og grønnsaksplanter og opptre ofte i slike tal at det er utriveleg å gå barbeint i graset. Det har og kome bekymringar for om mykje sniglar i graset kan redusere kvaliteten på grovføret. Kan Kommunen v/landbrukskontoret gjere noko med snigleproblemet?

Brunskogsnielen har kome til Noreg og har spreidd seg til store delar av landet dei seinaste 20-30 åra. Den har få naturlege fiendar i den norske naturen og kan opptre i store tettleikar (ref 1). Alle kommunane i Hordaland har brunsniglar og mange stader er dei rekna som eit problem.

Nibio (tidlegare Bioforsk) har gitt ut informasjonsmateriell om Brunsniglar og korleis ein kan få kontroll med dei (ref 1, 2), men konklusjonen frå dei og frå dei prosjekta der ein har gått til storstilt kamp er at det må mange til i koordinert dugnadsinnsats for å sjå resultat.

Fleire som har kontakta kommunen har peika på eit stort dugnadsprosjekt som vart gjennomført i bydelen Konnerud i Drammen og lurt på om dette er noko vi kan gjere i kommunane våre rundt Bjørnafjorden.

Dugnaden på Konnerud vart arrangert av private, men Drammen Kommune hjelpte til med nokre pengar til m.a. sementbildebil som køyrde rundt til avtalte «stasjonar» med ferdig blanda mask med nemaslug.

*Fra Drammen kommune får initiativtakerne skryt. Avdelingsleder for natur i kommunen, Widar A. Tandberg, er spent på resultatet. Han mener en massiv og målrettet innsats er det beste våpenet i krigen. Det nytter ikke at noen plukker hundrevis av brunsnegler i sin egen hage, hvis ikke naboene legger ned den samme innsatsen.*

Resultata frå Drammen var gode(ref 7,8,9,10), men sjølv om talet på brunsniglar var kraftig redusert eit par veker etter vart den ikkje utrydda.

I Drammen var det over 1500 frivillige som stilte opp. Det vart organisert med eit bryggeri for å få mask (brukt malt frå ølbrygging) som vart blanda med nemaslug (eit biologisk middel som inneheld ein nematode-parasitt som drep sniglar). Dette vart spreidd ut med hjelp av dei frivillige i 11 område i bydelen på ein dag. Etter nokre veker var det ein klar nedgang i talet på sniglar i området. Året etter var effekten framleis der, men ein må halde auge med sniglane og gjenta dugnaden for å få ein varig effekt.

I Radøy og Lindås vart det i 2016 (ref 3,4,5) gjennomført eit liknande prosjekt som det i Drammen i 2015. Her var kommunane med og koordinerte utdeling av nemaslug i april 2016. Det vart ikkje organisert på same måten som i Drammen, der ein delte ut ferdigblanda mask med Nemaslug, I Radøy og Lindås delte dei ut nemaslug som måtte blandast ut av dugnadsdeltakarane sjølve.

På Vinnes i Fusa vart det organisert dugnad av lokale bebuarar i 2017. Dei har hatt 3 utdelingar av Nemaslug i år. Første dugnaden hadde dei noko mask å dele ut til å blande med, men seinare har det blitt delt ut 1-2 ts med Nemaslug som dugnadsdeltakarane sjølve har blanda med 1 liter vatn i ei bøtte. Så har dei gått og plukka og klipt sniglar i to og lagt dei i bøtta. Sniglane ha ligge i bøtta over natta og blitt «marinert» før dei ferdigmarinerte sniglane er lagt ut som agn i hagen. Fordelen med å bruke infiserte sniglar som agn er at dei ikkje vert etne opp av andre, i motsetnad til mask som er poulært hos mange fuglar. Pr 22 juni er ikkje sniglane utrydda på Vinnes, men det er truleg blitt litt mindre av dei.

I År har dei hatt dugnadar 10.mai og 31.mai 2017 (Hilde Tørnes 97766504). Dugnad med klipping 7. juni siste utdeling 14 juni m nemaslug. Ein fast gjeng på ca 15 pers har vore med. Dei har spreidd nemaslug på fellesareal på Vinnes og i egne hagar. Hilde Tørnes meiner det beste truleg ville vore ein dugnad med koordinert innsats der det vart brukt ein kombinasjon av Nemaslug og Sluxx. Ulempa er at bruk av Sluxx krev at ein har sprøytesertifikat, og dette er det berre yrkesbønder eller andre med yrkesmessig behov som har.

Kraftlaget har sponsa innkjøp av Nemaslug til Vinnesbygda og per 22/6 er det midlar att til to dugnadar.

Henrik Tellevik ved Landbruksrådgjevinga i Hordaland held mellom anna kurs for sprøytemiddelsertifikat, men har og jobba med sniglar og korleis dei kan nedkjempast. Han har mellom anna ganske mykje sniglegjerde til dei som treng det. Dette er eit lavt finmaska nettinggjerde, som sniglane ikkje klarar å forsere. Dette er ein mekanisk løysing som kan egne seg for avgrensa areal. Om det så vert brukt Ferramol, Nemaslug eller Sluxx innanfor gjerdet med god effekt så spreier ikkje nye sniglar seg inn forbi gjerdet.

Tellevik har ein viss oversikt over snigleproblemet i Hordaland, men ønskjer gjerne kontakt med dei som organiserer snigledugnadar slik at det kan kartleggjast kor stort problemet er (i private hagar og for bønder/gartnerar) og kor effektive tiltaka er.

### **Skade i Hagar og på landbruksvekster**

#### Grønsaker, Bær Jordbær og Bringebær

Hos frilandsgroensaker er særleg desse utsett: Kålvekster, salat, bønner erter og stilkselleri.

Bær: Modne jordbær er utsett for snegleskade og sniglane kan hule ut bæra (referanse 2)

Åkrar med plast- eller halmdekke er særleg utsett sidan det vert høg fuktigheit og gode forhold for sniglane under dekket.

#### Gras

Sniglar kan ete gras men vil velje andre vekster om dei kan. Sniglane er ikkje skadelege i seg sjølv, men kan ha [negative verknader på silofôr](#).

*«Brunskogsnegler i grasavlingen kan gi feilgjæring og silofôr av svært dårlig kvalitet. Tilsetning av konserveringsmidler med innhold av syrer og kjemikalier kan hindre feilgjæring og sikre et trygt og smakelig fôr, selv ved høy grad av snegleforurensing.»*

I [doktoravhandlinga](#) si frå NMBU Veterinærhøgskolen på Ås i 2015 viste Kristine Gismervik at sjølv om brunsniglar kan innehalde ein del *Listeria* er mengdene små og det skjer ikkje oppformering av *Listeria* frå brunsniglar i silofôret under lagring. Gismervik såg og etter andre sjukdomsframkallande mikroorganismar i silofôr med mykje sniglar i, men fann ikkje noko tydeleg høgare innhald i surfôr med enn utan sniglar.

Sniglane inneheld meir protein enn gras og det gjer at når sniglar får råtna i fôret kan det gjere smaken dårlegare og føre til dårleg appetitt og lågare mjølkeproduksjon. Mykje sniglar i surfôret kan føre til nedsett kvalitet på ost laga på mjølk frå dyr fôra med dette surfôret. Ved å tilsetje vanlege ensileringsmidlar kan ein få kontroll med syrningsprosessen og dermed styre kva for mikroorganismar ein finn i fôret.

## Tiltak mot sniglar

### Førebygging

Ein måte å førebyggje snigleangrep i hagen er å velje planter til hagen som ikkje er attraktive for sniglane (sjå lisete nedanfor) og plukke sniglar om hausten og kome tidleg i gong på våren og minimere tal plasser der sniglar og egg kan overvintre.

### Nedkjemping

Kampen mot Sniglane er krevjande. Sniglemiddel verkar best på yngre individ og vil difor ha størst effekt om ein nyttar dei i byrjinga av sesongen ([Ferramol](#) og [Sluxx](#)) Sluxx krev sprøytesertifikat. Når ein brukar Nemaslug er det ein fordel å bruke klippte sniglar framfor td mask ettersom det ikkje er andre dyr som et sniglane, medan Mask, brødrestar og havregryn ofte vert eta av fuglar og andre. Nemaslug er berre skadeleg for sniglar, slik at andre dyr ikkje får problem, men det er meir effektivt om alt agnet vert spist av sniglar enn fuglar.

Nemaslug kostar om lag 600 kr/pk

### Forslag til organisering av kampen

- Kommunen kan setje av pengar til frivillige som ønskjer å arrangere dugnadar for å nedkjempe sniglar. Desse midlane bør annonserast tidleg på året.
- Frivillige, slik som grendelag, hagelag osv organiserer, søker midlar og organiserer gjennomføringa av dugnaden. Gjerne i samråd med landbruksrådgjevinga.
- Det kan organiserast som i Drammen, med at mange vert oppmoda til å delta gjennom sosiale og andre media og ferdigblanda Nemaslug vert tilkøyrte på avtalte plassar ein dag og middelet vert spreidd i store område same dagen.
- Samanhengande tettstadsområder med hagar kan vere lettare å organisere enn grisgrendte strom
- Fellesområder, parkar og liknande kan dekkjast med dugnad

## Kva kan vi gjere i Tysnes?

- Løyving av støtte til grendelag, hagelag eller andre som ønskjer å organisere dugnadar. Midlar til sniglegjerde, Nemaslug, Ferramol og liknande
- Mask transport og blanding med nemaslug
- Landbrukskontoret kan gje nokre råd og formidle kontaktar med t.d bønder med sprøytesertifikat

## Referansar:

1. [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/97473/TEMA\\_7%285%29\\_Snegle.pdf](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/97473/TEMA_7%285%29_Snegle.pdf)
2. [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/103832/Brunskogsneglfjerning\\_v2.03b.pdf](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/Content/103832/Brunskogsneglfjerning_v2.03b.pdf)
3. <http://www.lindas.kommune.no/sjaa-naar-og-kvar-du-kan-hente-din-pose-med-nemaslug.5865878-298404.html>

4. <http://www.lindas.kommune.no/bli-med-i-snigelkampen.5783099-298404.html>
5. <https://www.nordhordland.no/nyhende/lindas/lindas-kommune-yppar-til-snigelkamp/s/5-33-26649>
6. <http://www.dinside.no/bolig/ingen-grunn-til-a-kjempe-mot-brunsneglene/60925128>
7. <https://www.dt.no/drammen/nyhet/na-skal-brunskogsneglene-dreper/s/5-57-68015>
8. <https://www.nrk.no/buskerud/vellykket-kamp-mot-brunsneglene-1.12518861>
9. <https://www.nrk.no/buskerud/resten-av-landet-vil-laere- konnerud-metoden - 1.12954609>
10. <http://www.fosna-folket.no/nyheter/2016/06/19/Tar-knekk-p%C3%A5-brunsneglene-med-%C2%ABKonnerud-metoden%C2%BB-12913783.ece>
11. <http://www.dagsavisen.no/innenriks/navn-i-nyhetene/bruker-ol-mot-snegler-1.362885>
12. Facebookside <https://www.facebook.com/Sneglekampen/?fref=nf>

Helsing

Øystein Svalheim  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

**Kva skal du plante?****Her er ei liste over hagevekster og korleis Sniglane likar dei**

Liker	Liker ikke
Aster	Astilbe
Bønner	Beogonia
Erter	Bringebær
Fioler	Bjørnebær
Hosta	Dill
Hvite margeritter	Fuksia
Høstfloks	Geranium
Iris	Isop
Jordbær	Lavendel
Klematis	Løvemunn
Kålvekster	Margerittkultivaren Maggi White
Krokus	Pelagonium
Ligularia	Rhododendron
Lupiner	Roser
Løvetann	Stikkelsbær
Potet	Kjempevalmue
Påskeliljer og andre liljer	Krypfredløs
Riddersporer	Blomkarse
Salater	Petunia
Selleri	Primula
Sommergeorginer	Ringblomst
Stemorsblomst	Steinfrø
Targetes	
Vårfloks	
Valmue	